

**Utval:** Fylkestinget  
**Møtestad:** Grand Hotel Terminus, Bergen  
**Dato og tid:** 14.10.2014, kl. 11.00-16.20  
 15.10.2014, kl. 09.00-15.35

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Sveinung Valle	Medlem	A
Astrid F. Selsvold	Medlem	A
Nils-Olav Nøss	Medlem	A
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A
Torill Vebenstad	Medlem	A
Marianne Sandahl Bjørøy	Medlem	A
Toralv Mikkelsen	Medlem	A
Anne-Line Innvær	Medlem	A
Atle Kvåle	Medlem	A
Jette Lunemann Hansen	Medlem	A
Jane Kirsti Stangeland	Medlem	A Møtte 15.10.
Helge Nævdal	Medlem	A
Inger Johanne Seim	Medlem	A
Øyvind Hardeland	Medlem	A
Terje Søviknes	Medlem	Frp
Sigbjørn Framnes	Medlem	Frp
Silje Hjemdal	Medlem	Frp 15.10: Frå kl. 11.00
Inger Signe Ulvund	Medlem	Frp
Gustav Bahun	Medlem	Frp
Rosalind Fosse	Medlem	Frp
Tom-Christer Nilsen	Fylkesordfører	H
Mona Røsvik Strømme	Medlem	H
Inge Reidar Kallevåg	Medlem	H
Birthe Eriksen	Medlem	H
Einar Lutro	Medlem	H
Stein Inge Ryssdal	Medlem	H
Dan Stian Femoen	Medlem	H
Iiril Schau Johansen	Medlem	H
Nils Marton Aadland	Medlem	H 15.10: Møtte til kl. 12.00
Peder Sjø Slettebø	Medlem	H
Børge Lunde	Medlem	H
Neshe Lie	Medlem	H
John Opdal	Medlem	H
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Torill Selsvold Nyborg	Medlem	KrF
Pål Kårbø	Medlem	KrF
Aslaug Hellesøy	Medlem	KrF
Kristian Helland	Medlem	KrF
Elisabeth Næverlid Sævik	Medlem	KrF
Tom Sverre Tomren	Medlem	MDG Møtte 15.10.
Natalie Antonia Golis	Medlem	MDG
Benthe Bondhus	Medlem	Sp

Jostein Ljones	Medlem	Sp
Alexander Fosse Andersen	Medlem	SP
Aud Karin Oen	Medlem	SV
Tom Skauge	Medlem	SV Møtte 15.10.
Mona Haugland Hellesnes	Fylkesvaraordfører	V
Alf Helge Greaker	Medlem	V
Anne Beth Njærheim	Medlem	V Møtte 14.10.
Bjørnar Hamre	Medlem	V

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall heile tinget:**

Namn	Funksjon	Representerer
Marte Malones	Medlem	A
Siri Klokkestuen	Medlem	A
Roald Stenseide	Medlem	Frp
Gunnar Bakke	Medlem	Frp
Ingrid Reitan	Medlem	H
Svein Halleraker	Medlem	H
Eli Årdal Berland	Medlem	H

**Følgjande varamedlemmer møtte heile tinget:**

Namn	Møtte for	Representerer
Atle Grimstad	Marte Malones	A
Sandra Valskog	Siri Klokkestuen	A
Anita Garlid Johannessen	Gunnar Bakke	Frp
Lars Erik Dalland	Svein Halleraker	H
Gunnar Hetland	Eli Årdal Berland	H

**Følgjande varamedlemmer møtte 14. oktober:**

Namn	Møtte for	Representerer
Torill Helland	Jane Kirsti Stangeland	A
Marte Hammer	Tom Skauge	SV
Ellen Brurarøy Heltleflåt	Tom Sverre Tomren	MDG
Ellinor Kreybu	Roald Stenseide	Frp
John Torgeir Torsvik	Ingrid Reitan	H

**Følgjande varamedlemmer møtte 15. oktober:**

Namn	Møtte for	Representerer
Ellinor Kreybu	Silje Hjemdal	Frp Til kl. 11.00
Anne Lauritsen	Roald Stenseide	Frp
Nils Marton Aadland	Kari Utkilen	H Frå kl. 12.00
Christer Lilleskare Olsen	Ingrid Reitan	H
Grete Line Simonsen	Anne-Beth Njærheim	V

**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Johnny Stiansen	Fylkesdirektør økonomi
Anna Elisa Tryti	Fylkesdirektør kultur og idrett
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling

Arne Åsan	Fylkestannlege
Ingrid Kristine Holm Svendsen	Fylkesdirektør organisasjon
Birthe Andersen Haugen	Seksjonsleiar opplæringsavdelinga
Janne Værnø	Kommunikasjonsdirektør
Gro Stien Thorvaldsen	Seniorrådgjevar/sekretær

## Sakliste

<b>Utvalls- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 54/14	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 55/14	Referatsaker (Meldingar)		
RS 20/14	Fylkestinget i juni 2014 - møtebok	2014/11715	
RS 21/14	Erklæring frå Alltinget 31.05.14 i samband med Grunnlovsseilassen 2014	2014/560	
RS 22/14	Status reguleringsplan fv. 550 mellom Kråkevik og Syreflot	2014/19360	
RS 23/14	Status reguleringsplan for Fv 550 mellom Kråkevik og Syreflot - Ullensvang herad	2014/19360	
RS 24/14	Årsmelding 2013 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
RS 25/14	Handlingsplan forvaltningsrevisjon	2014/10537	
RS 26/14	E39 Svegatjørn-Rådal. Fornya vurdering frå Statens vegvesen av alternativ tilkomst til deponiområde i Hordnesskogen.	2014/11856	
RS 27/14	Olav H. Hauge-senteret - tilknytning til museumsplan	2014/15396	
PS 56/14	Interpellasjonar/spørsmål		
PS 57/14	Forvaltningsrevisjon av forholdet mellom skuleeigar og skular - Revisjonsrapport	2014/10533	
PS 58/14	Tertialrapport pr. 31. august 2014 - rekneskapsprognose	2014/13022	
PS 59/14	Finansrapport 2. tertial 2014	2014/927	
PS 60/14	Endringar i vedtektene til Ungdommens fylkesting	2014/560	
PS 61/14	Forskottering fylkesveggar - utbyggingsavtalar og rekkjefølgjekrav	2014/19991	
PS 62/14	Reglement for fylkeseldrerådet i Hordaland fylkeskommune	2014/557	
PS 63/14	Lokal inntaks- og formidlingsforskrift	2014/17732	
PS 64/14	Reglement for Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland fylkeskommune	2014/558	
PS 65/14	Godkjenning av prosjektrekneskap Tertnes vgs - Tilbygg	2014/65	
PS 66/14	Utflytting frå fylket - suppleringsval	2014/20895	
PS 67/14	Søknad om permisjon frå fylkeskommunale verv - suppleringsval	2014/1095	
PS 68/14	Flytting til utlandet - suppleringsval	2014/20895	
PS 69/14	Val til fylkeskommunale verv	2014/20895	
PS 70/14	Sparebanken Vest - val av medlemmer til representantskapet	2014/21247	
PS 71/14	Ymse		

## **PS 54/14 Godkjenning av møteinnkalling**

**Saksprotokoll i fylkestinget - 15.10.2014**

### **Vedtak**

Innkallinga vart godkjend.

Saklista vart godkjend utan merknader.

## **PS 55/14 Referatsaker (Meldingar)**

**Saksprotokoll i fylkestinget - 15.10.2014**

### **Vedtak**

Referatsaker 21-27/14 vart tekne til orientering.

## **RS 20/14 Fylkestinget i juni 2014 - møtebok**

**RS 21/14 Erklæring frå Alltinget 31.05.14 i samband med Grunnlovsseilasen 2014**

**RS 22/14 Status reguleringsplan fv. 550 mellom Kråkevik og Syreflot**

**RS 23/14 Status reguleringsplan for Fv 550 mellom Kråkevik og Syreflot - Ullensvang herad**

**RS 24/14 Årsmelding 2013 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

**RS 25/14 Handlingsplan forvaltningsrevisjon**

**RS 26/14 E39 Svegatjørn-Rådal. Forna vurdering frå Statens vegvesen av alternativ tilkomst til deponiområde i Hordnesskogen.**

**RS 27/14 Olav H. Hauge-senteret - tilknytning til museumsplan**

## **PS 56/14 Interpellasjonar/spørsmål**

**Saksprotokoll i fylkestinget - 15.10.2014**

**FO 8/14 Prøveordning med sjølvforsvarskurs for jenter - interpellasjon til tingsete oktober**

**Aud Karin Oen** hadde sendt slik interpellasjon til fylkesordføraren:

### **"Prøveordning med sjølvforsvarskurs for jenter**

Nasjonalt kunnskapssenter for vald og traumatisk stress (NKVTS) står bak ei norsk førekomstoversikt av vald i eit livsløpsperspektiv.

Gjennom telefonintervju med ca. 4.500 norske kvinner og menn, er førekomsten av ulike former for vald kartlagt.

Ei av ti norske kvinner oppgjev å ha blitt valdteken i løpet av livet. Halvparten av dei før fylte 18 år. I Noreg i dag vert truleg kvar fjerde kvinne over 16 år utsett for vald i nære relasjonar. Og meir enn halvparten av jentene i ungdomsskulen har vorte utsette for seksuell trakassering. Amnesty International anslår at mellom 8.000 og 16.000 kvinner vert valdteken i året i Noreg. Det er på det verste gjennomsnittleg éi kvinne i halvtimen.

Seksuell trakassering og vald mot kvinner skadar kvinner si fysiske og psykiske helse og er både eit problem for den einskilde kvinna og eit generelt folkehelseproblem. Når førekomsten er så høg og konsekvensane for dei som vert utsett er så store, går det ut over den samla folkehelsa i Noreg. Det går ut over skuleprestasjonar, arbeidsevne og øvrig samfunnsdeltaking. Overgrep er assosiert med høgare risiko for posttraumatisk stresslidning, depresjon, rus, personlegdomsforstyrningar og andre psykiske, somatiske og sosiale problem. Det finns mange overgrepsutsette i NAV-statistikkane og truleg og blant dei som droppar ut frå vidaregåande skule.

Sjølvsvar er ikkje aleine løysninga på valdtektsproblematikken. Sjølvsvar er utelukkande ein metode for å medverke til at valdtektsforsøk ikkje vert noko meir enn eit forsøk. Parallelt med innføring av sjølvsvarskurs i skulen, er det sjølvsagt også naudsynt med ein innsats mot dei mekanismar som ligg bak dei høge valdtektstala. Det er eit veldig haldningsarbeid som ligg føre oss.

Det skulle ikkje vera naudsynt å læra jenter å slåss. Sjølvsvar er då heller ikkje vald. Sjølvsvar er ikkje å slåss. I denne samanhengen er sjølvsvar evna til å stole på at ein kan forsvare seg sjølv mot truslar mot eigen kropp, identitet og menneskeverd.

Hordaland fylkeskommune har som skuleeigar ansvar for opplæringa i den vidaregåande skulen og lærlingar. Hordaland fylkeskommune har eit generelt delansvar knytt til innbyggjarane si helse gjennom kommunehelselova og folkehelsearbeidet. Det første møte med seksuell trakassering og seksualisert vald skjer dessverre allereie i tenåra for mange. Dette er ein periode i livet der ein prøver å finne identiteten sin og kanskje er ekstra sensitiv.

Arbeidet mot vald mot kvinner må sjølvsagt drivast på ein brei front innanfor ei rekkje samfunnsområde, og det er helt klart ikkje kvinner sitt ansvar å sørgja for at dei skal unngå trakassering og vald. Det er likefullt ein gevinst å henta i at jenter vert lært opp i å setja grenser og forsvare sin eigen kropp. Ei slik opplæring kan også hjelpa til i å gje den einskilde jenta ein større tryggleik i kvardagen.

Ei rekkje studie gjort kjent via Toronto Rape Crisis Centre viser at dersom kvinner hamnar i ein valdtektssituasjon, så minskar faren for å verta valdteken om ein har vilje og evne til å gjera motstand. Sjølvsvarskursa kan styrkja både evne og vilje til motstand. Men minst like viktig som evna til å yte fysisk motstand er den positive verknaden sjølvsvarskurs kan ha for jenter sin sjølvtilitt og evne til å setja grenser omkring sin eigen kropp. I tillegg kan kursa medverka til auka kunnskap om seksuell trakassering og seksualisert vald, samt vera ein arena der jenter trygt kan dela eigne erfaringar. SV meiner difor at eit tilbod i grensesetting og sjølvsvar for alle jenter i vidaregåande opplæring både vil kunna medverka til større tryggleik for den einskilde jenta og ha ein god folkehelseeffekt.

Det er viktig å finna og utvikla ordningar som gjer at dette lar seg innpassa i den ordinære skulekvardagen og ikkje vert ein ekstra byrde for dei som vel å nytta seg av tilbodet.

Vil fylkesordføraren be om at:

1. Det vert prøvd ut ei ordning med tilbod om opplæring av jenter i vidaregåande skule i grensesetting og sjølvsvar. Og at to eller tre skuler vert valde ut til å gjennomføra forsøket gjennom to skuleår?
2. Forsøket skal evaluerast og eventuelt utvidast til fleire skular etter to skuleår. Der det vert eit mål at ordningar med tilbod om slik opplæring vert permanent ved alle vidaregåande skular i Hordaland?"

Fylkesordføraren svarte slik:

"Hordaland fylkeskommune har som skuleeigar eit tydeleg delansvar i det generelle helsefremjande arbeidet. Regional plan for folkehelsearbeidet i Hordaland 2012-2024 slår fast at alle barnehagar, grunnskular og vidaregåande skular skal arbeide helsefremjande og vere gode arenaer for haldningsskapande arbeid og sunne helseval.

Som ein del av dette arbeidet vil det bli lagt fram ein handlingsplan for vidaregåande opplæring i 2015 som vil gå nærare inn på mål og tiltak som skuleeigar meiner er særleg viktige for

målgruppa. Psykisk helse og rusførebyggjande arbeid vil vere sentrale tiltaksområde i planen. I denne samanhengen vil det vere naturleg å vurdere tiltak for å auke dei unge sin kunnskap om konsekvensar av seksuell trakassering og seksualisert vald for individet og legge til rette for gode haldningsskapande tiltak som kan bidra til å styrke dei unge sin vilje og evne til grensesetting."

## **FO 9/14 Størst klimagassutslipp i Hordaland - Hva nå? - interpellasjon til fylkestinget i oktober 2014**

**Tom Sverre Tomren** hadde sendt slik interpellasjon til fylkesordføreren:

### **"Størst klimagassutslipp i Hordaland - Hva nå?"**

Under overskriften Størst klimagassutslipp i Hordaland publiserte NRK 15. september en artikkel om utslipp av klimagasser i Hordaland som viser en negativ utvikling på CO<sub>2</sub>-utslippene i fylket. I artikkelen, som er basert på nye tall fra SSB, kommer det frem at klimagassutslippene i fylket vårt har økt i perioden 2009-2012, og at vi er på landstoppen når det gjelder økning av klimagassutslipp.

Resultatet står i skarp kontrast til målene vi har satt oss. Målet for utslippsreduksjonen for Hordaland, både i klimaplanen fylkestinget vedtok først i juni 2010 (2010-2020) og som vi stadfestet gjennom den nye reviderte klimaplanen nå i 2014, er å redusere utslippene i fylkeskommunen med 30 % innen 2020 (målt mot 2007-utslippene).

I følge tallene som SSB publiserte oppnådde ikke HFK utslippsreduksjoner i perioden 2009-2012. Til tross for gode intensjoner og fagre visjoner gikk utslippene opp; helt spesifikt fra 3830 tusen tonn Co<sub>2</sub>-ekvivalenter i 2009, til 4322 tusen tonn i 2010, 4638 tusen tonn i 2011 og 4747 tonn i 2012. Med andre ord: Parallelt med at fylkestinget har vedtatt en årlig reduksjon i klimagassutslippene på 3,9 % viser tallens tale (for 2009 -2012) at vi snarere har en årlig økning på omlag 3,8 %.

For oss i MDG blir det nærliggende å spørre om vi kan tolke dette som en indikasjon på at klimaplanen, i alle fall frem til 2012, ikke har fungert som det styringsinstrumentet for regionsutviklingen i Hordaland som det var tenkt å være. Vi spør oss om vi her har en indikasjon på at vi politikere i HFK, gjennom summen av små og store vedtak innen samferdsel og industriutvikling, undergraver egne klimamål.

Spørsmålene til fylkesordføreren er som følger:

1. Hvilken sektor og enkelt årsaker har medvirket til at utslippene har økt i fra 2009-2012 og hvor stor er den sektorvis økningen.
2. Mener fylkesordføreren at målsettingen i klimaplanen om reduksjon i klimagassutslipp skal forstås som en reel og bindende målsetting som skal virke styrende på fylkeskommunale vedtak (enkeltvis og samlet), eller skal den forstås mer i retning av en uforpliktende «visjon» eller som et såkalt «parademål»?
3. I lys av tallene fra SSB mener vi i MDG at det vil være en god ide å be om en uavhengig rapport for å evaluere politikken og vedtakene som vi har gjort i HFK i lys av klimapolitiske mål i den aktuelle tidsperioden. Hvordan stiller fylkesordføreren til et slik forslag?"

Fylkesordføreren svarte slik:

"Spørsmål 1:

15. september 2014 publiserte Statistisk sentralbyrå (SSB) tal på klimagassutslipp på fylkesnivå for perioden 2009 til 2012. Tala omfattar ikkje utslipp frå kontinentalsokkelen og luft- og sjøfart. På grunn av nye reknemetodar kan tala ikkje samanliknast med fylkesstatistikk før 2009 som i høve til nasjonale utslippstal er eit relativt lågt basisår.

- Av alle fylka er utsleppa størst og aukar mest i Hordaland.
- Den største auken kjem frå energiforsyning og prosessutslipp i industri og bergverk (tabell 1 nedanfor).
- Fem føretak har rapportert om utsleppsauke som til saman står for meir enn 900 000 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar. Dei aller viktigaste er oljeraffineriet og kraftvarmeverket på

Mongstad (tabell 2). Minst 75 % av dei rapporterte punktutsleppa høyrar til kvotepliktig sektor, i følgje nye tal frå Miljødirektoratet. Det vil seie at verkemidlane er statlege, og at fylkeskommunen ikkje har direkte påverknad eller styringsansvar.

Spørsmål 2:

[Klimaplan for Hordaland 2014- 2030](#) er gjeldande regional politikk innan klima og energi. Den skal leggjast til grunn for fylkeskommunal, kommunal og statleg planlegging og verksemd. "Planen gjev ikkje rettsleg plikt, men gjev grunnlag for fråsegner og ev. motsegn til planar og saker som fylkeskommunen får på høyring..."

Måla vert innarbeide i fylkesrådmannen sine forslag til politiske vedtak og ligg saman med andre fylkeskommunale mål til grunn for fylkeskommunale planar. I eiga verksemd vert måla følgt opp med miljøstyring og -rapportering. Det er dessutan viktig å tydeleggjere ansvaret til andre aktørar.

Spørsmål 3:

Det vart gjennomført ei ekstern evaluering i 2013. Undersøkinga frå MiSA omfatta ei vurdering av effekten til dei ulike tiltaka i klimaplanen sitt handlingsprogram basert på eit livsløpsperspektiv. Rapporten inneheld anbefalingar for den vidare prosessen som er lagt til grunn for det vidare rulleringsarbeidet av plan og handlingsprogram.

Det synest å vere for tidleg å evaluere effekten av arbeidet igjen før ein har innarbeidd anbefalingane som vart gitt.

Vedlegg: Oversikt over utslepp frå Hordaland 2009-2012.



**Tabell 1: Utslepp til luft (tonn CO2-ekvivalenter) i Hordaland etter kilde (aktivitet) og tid.**

Kjelde: SSB. Samanstilling: HFK.

Kjelde (aktivitet)	2009	2012	Endring 2009-2012	Prosentvis endring
Energiforsyning	87 000	786 000	699 000	803 %
Industri og bergverk -prosessutslipp	1353 000	1 721 000	368 000	27 %
Dieseldrevne motorredskaper	92 000	108 000	16 000	17 %
Veitrafikk -tunge kjøretøy	200 000	208 000	8 000	4 %
Veitrafikk -lette kjøretøy	623 000	628 000	5 000	1 %
Avløp og avløpsrensing	12 000	13 000	1 000	8 %
Jordbruk -kunstgjødsel og annet jordbruk	77 000	76 000	-1 000	-1 %
Olje-og gassutvinning -stasjonær forbreining, landanlegg	160 000	154 000	-6 000	-4 %
Jordbruk -husdyr og husdyrgjødsel	163 000	156 000	-7 000	-4 %
Avfallsdeponigass	127 000	116 000	-11 000	-9 %
Olje-og gassutvinning -prosessutslipp, landanlegg	46 000	34 000	-12 000	-26 %
Oppvarming i andre næringer og husholdninger	116 000	101 000	-15 000	-13 %
Industri og bergverk - stasjonær forbreining	773 000	647 000	-126 000	-16 %
<b>SUM</b>	<b>3 829 000</b>	<b>4 748 000</b>	<b>919 000</b>	<b>24 %</b>

**Tabell 2: Utslepp til luft (tonn CO2-ekvivalenter) i Hordaland etter punktkjelde og tid.**

Kjelde: Miljødirektoratet.

Samanstilling: HFK. \* viser til utslepp som berre er rapportert innan kategorien kvotepliktig.

Punktkjelde (føretak)	2009	2012	Endring 2009-2012	Prosentvis endring
STATOIL MONGSTAD RAFFINERI	1 677 558	1 823 787	146 229	9 %
MONGSTAD KRAFTVARMEVERK*	3 478	610 491	607 013	17453 %
ELKEM BJØLVEFOSSEN	41 063	111 668	70 606	172 %
BIR AVFALLSENERGI AS		54 000	54 000	
TIZIR TITANIUM & IRON AS	247 536	279 270	31 735	13 %
BKK PRODUKSJON*	20 866	25 507	4 641	22 %
BIOMEGA AS		3 195	3 195	
KVÆRNER STORD VERFT	118	2 901	2 784	2367 %
BOLIDEN ODDA AS	2 000	4 720	2 720	136 %
BOLIDEN ODDA AS, ALUMINIUMFLUORIDFABRIKKEN	10 800	11 100	300	3 %
BERGEN ENGINES FOUNDRY	170	381	210	123 %
JANUSFABRIKKEN AS	37	91	54	145 %
HILLESVÅG ULLVAREFABRIKK A.S	100	112	12	12 %
WAARDALS AS, AVD. MARIKOVEN	150	0	-150	-100 %
SUNNHORDLAND SANDBLÅSING AS	194	0	-194	-100 %
JOTUN MANGER	300	0	-300	-100 %
DALETEC AS	462	0	-462	-100 %
GASNOR KOLLSNES - LNG-PRODUKSJON	16 986	13 435	-3 552	-21 %
STATOIL STURETERMINALEN	86 217	80 592	-5 626	-7 %
BKK VARME - RÅDALEN VARMESENTRAL*	16 303	9 328	-6 975	-43 %
GASSCO AS, KOLLSNES	91 113	79 583	-11 530	-13 %
SØR-NORGE ALUMINIUM	177 012	161 795	-15 218	-9 %
<b>TOTAL</b>	<b>2 392 462</b>	<b>3 271 955</b>	<b>879 493</b>	<b>37 %</b>

I samband med interpellasjonen sette **Tom Sverre Tomren** på vegner av MDG, A, SV, SP og KrF fram slikt oversendingsforslag til fylkesordføraren:

"Disse representantene ber om en uavhengig rapport for å evaluere effekter av vedtakene gjort i HFK med vekt på klimapolitiske mål for tidsperioden 2010-2014. Fylkestinget ber om at rapporten blir presentert på junimøtet i fylkestinget i 2015."

Tomren sitt forslag vart oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

## **FO 10/14 Interpellasjon og spørsmål til tingsetet 14-15 oktober - asfaltering - kollektivtransport**

**Tom Skauge** hadde sendt slik interpellasjon til fylkesordføraren:

### **"Fylkeskommunen si rolle for betre kollektivtransport**

Klimaforliket i Stortinget har no støtte frå alle partia. I 2010 utgjorde klimagassutslepp frå transportsektoren, som omfattar landtransport, innanriks sjøfart og luftfart, fiskeri og ikkje-veggåande mobile kjelder 17,3 millionar tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalenter. Dette svarte til 32 prosent av Norge sitt samla klimagassutslepp. Fleirtalet i Stortinget sa i ein merknad at transportsektoren er den største utslippssektoren i Noreg som i hovudsak er utanfor kvotesystemet. I denne sektoren er potensialet for innanlandske kutt i klimagass størst.

Noreg skal fram til 2020 kutte dei globale utsleppa av klimagass tilsvarande 30 prosent av Noregs utslepp i 1990. Noreg skal vere karbonnøytralt i 2050.

Hordaland fylke har vedteke at utslepp frå mobile kjelder i Hordaland skal reduserast med 20 % i 2020 i høve til 1991. Utslepp frå vegtrafikk skal reduserast med 20 % i 2020 i høve til 1991, og 30 % innan 2030.

Stortinget vedtok eit mål om at vekst i persontransporten i storbyområda skal takast med kollektivtransport, sykkel og gange. I og omkring storbyområda skal kollektivformål og sykkeltiltak få auka prioritet ved fordeling av samferdsleløyvingane.

Regjeringa Stoltenberg fekk støtte i Stortinget til framlegget om å auke statens tilskot til investering og drift av fylkeskommunal kollektivtransport og andre miljøvennlige transportformer.

I handlingsplan for kollektivtransport som kom frå Regjeringa Solberg heiter det:

"- Vekst i folketal og trafikk, miljøutfordringar og folks behov for rask og effektiv pendling til og frå jobb og fritidsaktivitetar, er viktige utfordringar som må løysast betre. Regjeringa legg difor opp til at det skal satsast meir på kollektivtrafikk enn nokon gong."

Dette er viktige signal når vi veit at det har tatt vel 20 år frå Bergen gjorde sitt første vedtak om bybanesatsing til første strekket Sentrum-Flesland står klar. Det kan og gje rom for optimisme i ei tid der fylkesrådmannen kjem med framlegg om kraftig auke i billettprisen på kollektivtransport.

Tre aktuelle tiltak som er varsla frå Regjeringa:

- Innføre ei ordning med bymiljøavtalar for storbyområda – med forpliktande samarbeid stat-kommune-fylkeskommune. Viktig mål med avtalane: Betre samordning av areal- og transportplanlegging, på ein måte som legg til rette for meir kollektivtransport og fornuftig vegutbygging. Dagens belønningsordning for kollektivtransport og bypakkar skal smelte saman i bymiljøavtalar.
- Statleg tilskott til fylkeskommunane for utbygging av infrastruktur for lokal kollektivtransport som dekkjer 50 prosent av investeringskostnadene, i dei fire største byane. Prosjekta som er aktuelle for tilskott er Fornebubanen i Oslo og Akershus,

Bybanen til Åsane i Bergen og nye "superbuss-løysingar" i Stavangerregionen og Trondheimsområdet.

- Regjeringa vil vurdere å overføre ansvar for kollektivtransporten frå fylka til kommunane i samband med ei kommunereform.

Spørsmål til fylkesordføraren:

- Vil han ta initiativ til ein regional langtidsplan for styrkt kollektivtransport som syner kva tiltak som må til for at all vekst i veksten i persontransporten i Bergen skal komme med kollektivtransport og kommunale bidrag for sykkel og gange, om naudsynt 70 % statleg tilskott til bybaneutbygginga?
- Vil han ta kontakt med Bergen kommune med støtte til ei utgreiing om køpris slik at busstrafikk og annan nyttetraffic kan køyre utan kø og samstundes gje nye driftsmiddel til drift av kollektivtrafikken?
- Vil han be Regjeringa gje auka tilskot til kollektivtilbodet i nye bymiljøavtalar slik at det er mogeleg å nå måla i klimaforliket utan prisauke på kollektivtilbodet?
- Vil han i tråd med Kollektivmeldinga be Bergen kommune ta over ansvaret for kollektivtilbodet i Bergen dersom andelen prisauken gjer at talet på kollektivreisande i Bergen ikkje aukar i same takt som siste år?"

Fylkesordføraren svarte slik:

Spørsmål 1:

På fylkestinget, 11.juni 2014, vart det gjort vedtak om Kollektivtransportstrategi for Hordaland. Denne strategien blir følgd opp med årlege handlingsplanar, og legg til grunn at ein stor del av framtidig vekst i persontransporten i Bergen skal over på kollektivtransport. I Regional transportplan 2013-2024, er det lagt opp til at resten av transportveksten skal over på auka bruk av sykkel og gange. Når det gjeld kommunale bidrag til auka bruk av sykkel og gange, omfattar dette i hovudsak kommunal arealplanlegging og lokal delfinansiering av tiltak gjennom bompengeneinnkrevjing.

Det er lagt opp til ei betydeleg satsing på denne typen tiltak i Bergensprogrammet fram mot 2025. Eg vil og peike på arbeidet som er gang med den regional areal- og transportplanen for Bergensområdet. Slik eg ser det, føreligg det allereie vedtekne styringsdokument med mål, strategiar og tiltak i retning av overgang til meir miljøvenlege transportformer i Bergen. Det statlege tilskotet til bybaneutbygginga i Bergen vil bli avklart i samband med forhandlingane om bymiljøavtale, som eg reknar med kan komme i gang i 2015.

Spørsmål 2:

Bergen kommune har invitert inn fylkesadministrasjonen saman med Statens vegvesen i oppfølging av vedtaket om utgreiing av tidsdifferensierte bompengesatsar i bystyret, 23.september 2014. Vedtaket omfattar ikkje bruk av bompengeneinntekter til driftstilskot til kollektivtransporten. Dette må eventuelt vurderast ved ein revisjon av Bergensprogrammet som ein del av ein bymiljøavtale. Innføring av køpris med påfølgjande auke i kollektivtterspurnad vil vere ei stor utfordring utan ytterlegare finansiering.

Spørsmål 3:

Eg legg opp til at det kan setjast i gang forhandlingar med Samferdselsdepartementet om ein bymiljøavtale for Bergensområdet i 2015. Finansiering av forbetringar i kollektivtransporttilbodet vil bli eit aktuelt tema i desse forhandlingane.

Eg kan og opplyse om at det i Samferdselsdepartementet sine retningslinjer for utgreiingar og analyser som grunnlag for arbeidet med neste Nasjonal transportplan 2018-2027, er vist til at det er forventa ein kraftig auke i det fylkeskommunale kollektivtransporttilbodet og at fylkeskommunen sine utgifter til dette formålet vil auke. Samferdselsdepartementet har derfor

bedt dei statlege transportetatane utgreie ulike modellar for korleis dei finansieringsutfordringane kan løysast i dei fire største byområda.

Spørsmål 4:

Svaret er nei, også uavhengig den framtidige utviklinga i talet på kollektivreiser i Bergen. Hovudargumentet er at transportpolitikken for kollektivtransporttilbodet og transportmiddel-fordelinga i Bergen ikkje kan avgrensast til Bergen sine kommunegrenser. Bergensområdet med Bergen kommune og omlandskommunane er i dag ein integrert felles bu- og arbeidsmarknad med betydeleg pendling i begge retningar."

I samband med interpellasjonen sette **Tom Skauge** fram slikt forslag:

1. "Fylkestinget ber fylkesrådmannen leggje fram Regional langtidsplan for styrka kollektivtransport som skal nå målet om at all vekst i persontransporten skal komme med kollektivtransport, sykkel og gange.
2. Fylkestinget er positiv til Bergen bystyre sitt vedtak om å utgreie tidsdifferensierte bompengar for Bergen. Tinget ber fylkesordføraren ta kontakt med Bergen kommune for å undersøke om utprøving av rushtidsavgift kan bidra til styrking av finansiering for kollektivtilbodet.
3. Fylkestinget ber fylkesordføraren ta kontakt med Hordalandsbenken og Regjeringa for å betre statleg finansiering av kollektivtilbodet."

Fylkestinget tok stilling til om forslaget skulle realitetsbehandlast på slutten av tingsetet.

34 av representantane (H, V, Frp, KrF) røysta mot at forslaget skulle realitetsbehandlast. Forslaget vart dermed ikkje realitetsbehandla, jf. kommunelova § 34 nr. 1, 2. setning.

## SPØRSMÅL

**Tom Skauge** hadde sendt inn slikt spørsmål:

### "Politisk behandling av plan for asfaltering

Det har i alle år vore stor interesse for kva vegar som skal få ny asfalt kommande år.

Spørsmål til fylkesordføraren:

1. Er det rett at plan for asfaltlegging for fylkesvegar eller riks- og europaveg ikkje har vore presenterte for samferdselsutvalet eller andre politiske organ i HFK siste år?
2. Vil fylkesordføraren ta initiativ til at administrasjonen presenterer plan for asfaltlegging i 2015 tidleg på nyåret?"

Fylkesordføraren svarte slik:

"Det er rett at plan for asfaltlegging ikkje er politisk handsama siste år. Prioritering av strekk for asfaltlegging er resultat av ei grundig fagleg vurdering. Rammer og prosedyrer er vist under. Dersom det er ønskjeleg, kan planen for 2015 meldast til samferdselsutvalet så snart den ligg føre.

Dette er i tråd med delegasjonsreglementet til Hordaland fylkeskommune. Der står det:

### Funksjonskontraktar

"Fylkesrådmannen har fullmakt til å utlysa og inngå fleirårige funksjonskontraktar for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. Fullmakta gjeld også andre fleirårige kontraktar innanfor drift og vedlikehald."

For fylkesvegane er fullmakta gitt vidare til Statens vegvesen gjennom "Rammeavtale mellom Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen Region vest".

I vedlegg 2 Fullmaktstruktur heiter det m.a.:

### **"Kontraktar knytt til drift og vedlikehald**

Fylkesrådmannen har fullmakt til å utlyse og inngår funksjonskontraktar for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. Fullmakta gjeld også for andre kontraktar innanfor drift og vedlikehald."

Fullmakta er vidaredelegert til regionvegsjefen, under dei føresetnader som er presisert under.

#### Føresetnader:

Fylkeskommunen sin driftsstrategi skal liggje til grunn for innhaldet i funksjonskontraktane. Overordna rammer for konkurransegrunnlag skal godkjennast av fylkesrådmannen. Det vert føresett at regionvegsjefen følgjer opp arbeidet med konkurransegrunnlaget og val av leverandør, og kvalitetssikrar arbeidet både før utlysing og før val av entreprenør. For å sikre erfaringsoverføring og einenskapleg praksis, ønskjer Hordaland fylkeskommune å bli halde orientert om arbeidet med kontraktsgrunnlag og måten det vert kvalitetssikra på.

I samferdselsutvalet i november er det lagt opp til ein presentasjon frå Statens vegvesen om arbeidet med prioritering av asfaltlegging.

I 2014 er det sett av 49,8 mill.kr til dekkelegging.

For høgtrafikkerte vegar – både Europavegar, riksvegar og fylkesvegar – med årstdøgntrafikk over 3000 er det måling av djupne i vegspora, jamnheit, tverrfall og årstdøgntrafikk som er hovudkriteria for val av strekningar som det skal leggest asfalt på.

For lågtrafikkerte fylkesvegar er det generell fagleg vurdering av standard på vegdekke som alder, spordeformasjonar, jamnheit, sprekker i vegdekke, setningar, steinslepp og hol/lapping. I tillegg kjem trafikktryggleik og innspel frå fagfolka i Staten vegvesen som følgjer opp driftsavtalane, driftsentreprenørane og brukarane av vegen.

På bakgrunn av faglege vurderingar av standarden på fylkesvegnettet og tildelte midlar, vert det sett opp ei liste over kva strekningar som skal asfalterast. Statens vegvesen prøver å sjå heile fylkesvegnettet i samanheng og leggje asfalt på lengre strekningar og ikkje berre små korte strekk. Ved utarbeiding av kontraktsgrunnlaget vert det og teke omsyn til geografisk fordeling av strekningane. Når dekkeprogrammet er utarbeid, får fylkeskommunen tilsendt dette.

Asfaltarbeidet vert gjort frå mars/april til oktober, men mesteparten av arbeidet vert gjort i sommarmånadane."

## **FO 11/14 Aktivitørutdanning for framtida - Interpellasjon -**

**Aslaug Hellesøy** hadde sendt inn slikt spørsmål:

### **"Aktivitørutdanning for framtida**

Hordaland fylkeskommune har eit breitt utval av VG2-tilbod i vidaregåande opplæring.

Fleire tilbod vert årleg lagde ned/ikkje igongsette fordi det er få søkjarar.

Ei opplæring det er fleire år sidan vart gjennomført er VG2 Aktivitør. Det er få unge som har denne utdanninga og gjennomsnittsalderen hos aktivitørar i Hordaland er høg. Det er viktig å starte ny-rekruttering før avgangen vert for stor.

Aktivitør er ei yrkesgruppe som arbeider med målretta aktivitet til mange grupper: mellom barn og eldre i institusjonar og dagsenter, innan psykisk helsearbeid, mellom funksjonshemma, i fengsel, i skule, barnehagar og SFO. Det handlar ofte om verdigheit og livskvalitet i kvardagen for den enkelte.

Forsking viser at aktivitet, både fysisk og mentalt betrar og held ved like funksjonsevna. På den måten kan det og redusere bistandsbehov for enkeltmenneske.

Det er i gong arbeid med ny læreplan, planlagd ferdig til neste skuleår.

1. Kan fylkesordføreren syte for at VG2 Aktivitør igjen vert eit tilbod i vidaregåande opplæring?
2. Er det mogeleg å gje tilbodet om VG2 frå skuleåret 2015/16? At informasjon kjem ut til aktuelle VG1 elevar i tide?"

Fylkesordføreren svarte slik:

"Vg2 Aktivitør byggjer på Vg1 Design og handverk. Før Kunnskapsløftet vart innført i 2006 var dette eit tilbod etter Vg1 Formgjevingsfag. Hordaland gav tilbod om Vg2 Aktivitør ved Voss husflidskule fram til skuleåret 1996/97. Tilbodet vart då lagt ned på grunn av svært låg søking over fleire år. I tillegg til dette var dei få som søkte tilbodet stort sett vaksne søkjarar.

Etter dette har det ikkje vore nokon etterspurnad korkje frå kommunar eller søkjarar om å få opprette tilbodet att. Dei svært få som har søkt Vg2 Aktivitør har Hordaland gitt gjesteelevgaranti slik at dei har kunna fått plass i eitt av dei fylka som framleis gir tilbodet.

Det er mogleg å ta fagbrev som aktivitør med full opplæring i bedrift, men heller ikkje denne utdanningsvegen har vore særleg nytta dei siste åra. Også her kan grunnen vere at kommunane ikkje lenger har stillingsheimlar som aktivtør.

På bakgrunn av dette vil det ikkje bli gjort framlegg om oppretting av Vg2 Aktivitør i samband med tilbodsstrukturen for skuleåret 2015/16 (klassesaka), som kjem til politisk behandling i desember.

Dersom vi får eit dokumentert behov for stabile læreplassar innanfor faget frå kommunar eller andre institusjonar, vil saka verte vurdert på nytt enten som ordinært Vg2 tilbod eller gjennom vaksenopplæringa."

#### **FO 12/14 Budsjett 2015 - Tannhelse - spørsmål -Fylkestinget oktober 2014.**

**Benthe Bondhus** hadde sendt inn slikt spørsmål:

"I budsjettforslaget som er lagt fram frå fylkesrådmannen står det å lesa under kapittelet Tannhelse:

Budsjettforslaget for tannhelsetenesta i 2015 er på 283 mill. kr i brutto driftsutgifter. Utfordringane ein står overfor i tannhelsetenesta er:

- Rekruttering og tiltak for å halda på tannlegar og tannpleiarar.
- Område med sterk befolkningsvekst – trong for auka bemanning.

For å letta rekrutteringa i delar av fylket, skapa grunnlag for ei betre arbeidsfordeling mellom tannlegar og tannpleiarar og redusera utgiftene, er det trong for å samlokalisera små tannklinikkar til større einingar.

I 2015 vert det budsjettert med 3 mill. kr i innsparing ved nedlegging av klinikkar. Samstundes som fylkesrådmannen legg fram forslag til budsjett er fylkesrådmannen sitt forslag til klinikkstrukturplan sendt på høyring. Dette er ein demokratisk prosess og planen skal handsama i løpet av 2015.

I budsjettforslaget konkluderer fylkesrådmannen med ei innsparing på 3 mill. ved å leggja ned tannklinikkar.

Spørsmål:

Kan fylkesordføreren gjera greie for samsvarert mellom desse prosessane?"

Fylkesordføreren svarte slik:

"I budsjettforslaget for 2015 får tannhelsetenesta i Hordaland ein reduksjon i driftsbudsjettet på 4 mill. kr. Dette er føreslått dekt inn på følgjande måte:

- 3 % auke i honorartakst = 1 mill. i ekstra inntening.

- Samlokalisering av tannklinikkar – effektivisering av drift = 3 mill. reduksjon i driftsbudsjett.

### **Samlokalisering av tannklinikkar – effektivisering av drift i 2015**

Årlege driftskostnader pr. tannklinikk varierer alt etter storleik, leigeavtalar, type og alder på utstyr, lagerhald av forbruksvarer osb. Som eit gjennomsnittleg anslag vil ein mindre tannklinikk ha årlege driftsutgifter på 0,5 mill. kr.

For å få ei inndekking på 3 mill. vil det i 2015 måtte gjerast vedtak om nedlegging av 6 tannklinikkar. Fire av desse er avhengig av vedtak om nedlegging når klinikkstrukturplanen for tannhelsetenesta kjem til handsaming i fylkestinget i mars 2015.

Samordning/nedlegging av to tannklinikkar er omtalt i tidlegare politiske saksframlegg, m.a budsjett for 2014. Dei to tannklinikane er:

- Ny tannklinikk i Solheimsviken  
Denne tannklinikken skal erstatta noverande tannlegevakten i Bergen og noverande Engen tannklinikk, og vil vera lokalisert i nabobygget til den nye legevakta i Bergen. Tannklinikken vil få 8 behandlingsrom, og skal fungera som vanleg tannklinikk på dagtid (kl. 08.00-15.30), og som tannlegevakt frå kl. 18.00. Ny tannklinikk i Solheimsviken vil stå klar til sommaren 2015.
- Ny tannklinikk på Askøy  
Denne tannklinikken skal erstatta noverande Kleppestø tannklinikk og noverande Florvåg tannklinikk, og vil verte lokalisert i Kleppestø senter. Tannklinikken vil få 11 behandlingsrom, og vil stå klar til sommaren 2015.

Budsjettet er avlagt i tråd med fylkesrådmannen sin innstillingrett. I praksis betyr dette at dersom ein i tannhelseplanen vedtek noko anna enn dette, vil budsjettet måtte reviderast."

## **PS 57/14 Forvaltningsrevisjon av forholdet mellom skuleeigar og skular - Revisjonsrapport**

### **Forslag til innstilling**

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport "Forholdet mellom skuleeigar og skular", ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Utvikle kvalitetssystemet slik at ein får eit system som i større grad bidrar til å vurdere om alle krav i opplæringslova blir følgd, herunder:
  - etablere eit avviksmeldesystem som bidrar til å sikre at avvik frå opplæringslova blir meldt, handtert og dokumentert
  - vurdere å gjennomføre risikobaserte stikkprøvekontrollar innanfor ulike område for å bidra til å avdekke avvik frå krav i lov og forskrift.
2. Vidareutvikle plan- og rapporteringsarbeidet ved skulane ved å
  - utarbeide meir skriftleg rettleiing eller døme på korleis data frå PULS kan nyttast i plan- og rapporteringsarbeidet ved skulane, mellom anna for å sikre fokus på gjennomføring
  - gjennomføre planlagt opplæring i analyseverktøyet PULS for å sikre at skulane og fylkeskommunen får best mogleg utbytte av systemet
  - i større grad gi rom for og følgje opp dei skulevise utviklingstiltaka som ikkje direkte kan knytast opp til skuleeigar sine definerte tiltaksområde
3. Avklare kva oppfølging rektorane saknar med omsyn til mellom anna økonomispørsmål, og vurdere å vidareutvikle den oppfølginga som blir gitt.
4. Klargjere regionleiarane si rolle og fullmakter ved at det blir utarbeidd dokument som gjer greie for kva mynde dei er delegert.
5. Prioritere planlagt arbeid med å utarbeide omtaler av ansvar og prosedyrar innan personalområdet.
6. Utarbeide ein langsiktig strategi for å sikre nødvendig og tilstrekkeleg kompetanse i framtida mellom anna til yrkesfaga.
7. Sikre at skuleeigar i sine rapporter frå skulebesøka systematisk omtalar gjennomføring i tillegg til

- status på tiltaksområda for å holde fokus på dette overordna målet.
8. Sikre at oppfølgingsdialogen med skulane også har fokus på skulen si vurdering av sluttårsaker i tillegg til den informasjonen som går fram av statistikken for å sikre best mogleg tilpassing av tiltak.
  9. Sikre at dei skulane som kunne ha nytte av å sjå kva andre skular lukkast med under liknande vilkår, når det gjeld gjennomføring, får informasjon og blir følgt opp systematisk i høve til dette.
  10. Laga ein handlingsplan innan 2.1.2015 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

## **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 25.08.2014**

### **Handsaming i møtet**

Forvaltningsrevisor Kari Gåsemyr presenterte resultatet av den gjennomførte forvaltningsrevisjonen og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet ønskjer at ordet «utvikle» i punkt 1 vert endra til «vidareutvikle».

Med denne endringa vart forslag til innstilling samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport "Forholdet mellom skuleeigar og skular", ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Vidareutvikle kvalitetssystemet slik at ein får eit system som i større grad bidrar til å vurdere om alle krav i opplæringslova blir følgt, herunder:
  - etablere eit avviksmeldesystem som bidrar til å sikre at avvik frå opplæringslova blir meldt, handtert og dokumentert
  - vurdere å gjennomføre risikobaserte stikkprøvekontrollar innanfor ulike område for å bidra til å avdekke avvik frå krav i lov og forskrift.
2. Vidareutvikle plan- og rapporteringsarbeidet ved skulane ved å
  - utarbeide meir skriftleg rettleiing eller dømme på korleis data frå PULS kan nyttast i plan- og rapporteringsarbeidet ved skulane, mellom anna for å sikre fokus på gjennomføring
  - gjennomføre planlagt opplæring i analyseverktøyet PULS for å sikre at skulane og fylkeskommunen får best mogleg utbytte av systemet
  - i større grad gi rom for og følgje opp dei skulevise utviklingstiltaka som ikkje direkte kan knytast opp til skuleeigar sine definerte tiltaksområde
3. Avklare kva oppfølging rektorane saknar med omsyn til mellom anna økonomispørsmål, og vurdere å vidareutvikle den oppfølginga som blir gitt.
4. Klargjere regionleiarane si rolle og fullmakter ved at det blir utarbeidd dokument som gjer greie for kva mynde dei er delegert.
5. Prioritere planlagt arbeid med å utarbeide omtaler av ansvar og prosedyrar innan personalområdet.
6. Utarbeide ein langsiktig strategi for å sikre nødvendig og tilstrekkeleg kompetanse i framtida mellom anna til yrkesfaga.
7. Sikre at skuleeigar i sine rapporter frå skulebesøka systematisk omtalar gjennomføring i tillegg til status på tiltaksområda for å holde fokus på dette overordna målet.
8. Sikre at oppfølgingsdialogen med skulane også har fokus på skulen si vurdering av sluttårsaker i tillegg til den informasjonen som går fram av statistikken for å sikre best mogleg tilpassing av tiltak.
9. Sikre at dei skulane som kunne ha nytte av å sjå kva andre skular lukkast med under liknande vilkår, når det gjeld gjennomføring, får informasjon og blir følgt opp systematisk i høve til dette.
10. Laga ein handlingsplan innan 2.1.2015 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

## **Saksprotokoll i fylkestinget - 15.10.2014**

**Kari Gåsemyr** frå Deloitte presenterte resultatet av den gjennomførte forvaltningsrevisjonen av forholdet mellom skuleeigar og skular.

**Dan Femoen** sette på vegner av H fram slikt oversendingsforslag a) til opplærings- og helseutvalet:



"Disse representantene viser til forvaltningsrevisjonens problemstilling 4. Her fremgår det at det er utarbeidet en oversikt som gjør det mulig å sammenligne skoler med hensyn til elevene sitt resultat og gjennomføring. Ber om at denne oversikten oversendes opplærings- og helseutvalget.

**Dan Femoen** sette fram slikt forslag b):

"Fylkestinget ber om at forvaltningsrevisjonen vert oversendt opplærings- og helseutvalet til orientering."

**Alexander Fosse Andersen** sette fram slikt forslag:

"Tillegg etter første kulepunkt i punkt 1:  
.....utan at dette medfører store rapporteringskrav for den einskilde lærar."

### **Røysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Andersen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Femoen sitt forslag a) vart oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Femoen sitt forslag b) vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport "Forholdet mellom skuleeigar og skular", ber fylkestinget fylkesrådmannen syte for å:

1. Vidareutvikle kvalitetssystemet slik at ein får eit system som i større grad bidrar til å vurdere om alle krav i opplæringslova blir følgt, herunder:
  - etablere eit avviksmeldesystem som bidrar til å sikre at avvik frå opplæringslova blir meldt, handtert og dokumentert utan at dette medfører store rapporteringskrav for den einskilde lærar
  - vurdere å gjennomføre risikobaserte stikkprøvekontrollar innanfor ulike område for å bidra til å avdekke avvik frå krav i lov og forskrift
2. Vidareutvikle plan- og rapporteringsarbeidet ved skulane ved å
  - utarbeide meir skriftleg rettleiing eller døme på korleis data frå PULS kan nyttast i plan- og rapporteringsarbeidet ved skulane, mellom anna for å sikre fokus på gjennomføring
  - gjennomføre planlagt opplæring i analyseverktøyet PULS for å sikre at skulane og fylkeskommunen får best mogleg utbytte av systemet
  - i større grad gi rom for og følgje opp dei skulevise utviklingstiltaka som ikkje direkte kan knytast opp til skuleeigar sine definerte tiltaksområde
3. Avklare kva oppfølging rektorane saknar med omsyn til mellom anna økonomispørsmål, og vurdere å vidareutvikle den oppfølginga som blir gitt.
4. Klargjere regionleiarane si rolle og fullmakter ved at det blir utarbeidd dokument som gjer greie for kva mynde dei er delegert.
